

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 19.11.2014
Vår ref.: 201405607-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 09.10.2014
Dykkar ref.: 14/6596 - 14/22605

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Innspel til varsel om oppstart arbeid med kommunedelplan for massehandtering Lindåsneset med Mongstad - Lindås kommune

Vi syner til brev datert 09.10.2014. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan for massehandtering – Lindåsneset med Mongstad. Føremålet med planarbeidet er å avklare plassering av omtrentleg 6 mill. m³ jordmassar som må omdisponerast som følgje av utbygging. Det er utarbeidd framlegg til planprogram som er lagt ut til høyring.

NVE oppmodar om at ein i planarbeidet legg vekt på at massar ikkje vert plassert slik at det er naudsynt å legge bekkar i røyr, og slik at massane ikkje fører til ureining og endra tilhøve i vassdrag. Vi syner til Vassressurslova § 11 om kantvegetasjon. I forskrift om nydyrking § 6 er det fastsett at det skal settast igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag med årssikker vassføring som skal vere minst 6 m målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sona vere minst 2 m.

Både Vassressurslova og Forskrift om nydyrking bør takast inn i planprogrammet kap. 5.4.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.